



Årsrapport

Hukommelsesteamet/demenskoordinator

2025



Demenskoordinator

Leni Klakegg
Desember 2025



Innhald

Bakgrunn.....	3
Mål	4
Aktivitet 2025.....	5
Møteaktivitet	5
Pårørandeskule.....	6
Temakveld	6
Kurs og konferansar.....	6
Nettsida - kommunikasjon.....	6
Demensvennleg samfunn	7
Dokumentasjon	8
Samarbeid med lege	8
Samarbeid med koordinerande eining	8
Pensjonistforeininga.....	8
Vågsøy Demensforeining	9
Open kino Human Forever	9
Demenskoordinator	10
Mål for 2026	10



Bakgrunn

Kinn kommune har eit Hukommelsesteam (HUK) i Måløy og Florø. Hukommelsesteamet består av sjukepleiarar, ergoterapeutar og helsefagarbeidarar/hjelpepleiarar, og ein demenskoordinator i 30% stilling. Ny demenskoordinator kom på plass 2.januar 2025. Alle sonene i heimetenesta er representert i HUK. HUK teama har kartlegging som ein del av deira arbeidsoppgåver.

HUK får tilvisingane gjennom tildelingstenesta. Fordelane med å få tilvisingane gjennom tildeling, er fleire:

- Dette er ofte nye brukarar av tenester frå Kinn kommune, journalen i CosDoc vert korrekt oppretta av Tildeling.
- Brukaren vert korrekt lagt til i Imatis av Tildeling.
- Færre pleiarar les om tilvisinga til HUK, før brukaren har fått diagnose/ treng tenester.
- Tildeling har oversikt på kva som rører seg i Kinn, då tenestene som kommunar gir bør inn tidleg for å ruste dei demenssjuke for å kunne bu lengst mogleg heime.

Hukommelsesteamet har kontakt med om lag 114 brukarar i Kinn. I demenskartet frå «Aldring og helse» er det utrekna at det i høve til folketalet til Kinn kommune skal vere 354 med demensdiagnose i forhold til tal innbyggjarar i 2020. (I tillegg til dei 114 som HUK føl opp, kjem 80% av dei som bur på institusjon/ omsorgsbustad).

I 2040 syner demenskartet at talet demensramma i Kinn kommune vil vere 655. Det er då rekna med ein nedgang i tal innbyggjarar i Kinn i perioden 2020 – 2040, 1069 færre enn i 2020.

Kinn i år 2040

I 2040 vil Kinn ha **16138** innbyggjere, det er 1069 færre enn i 2020 – en reduksjon på 6.21 %.

655 personer i kommunen vil ha demens. Dette tilsvarer en økning på 301, eller 85.03 % fra 2020 til 2040.

Andelen med demens er 2.06 % i 2020 og 4.06 % i 2040. Demensandelen i Kinn øker altså med 97.09 %.

Andelen med demens i Norge er 1.88 % i 2020 og 3.30 % i 2040.





I første møte med ny brukar går både ergoterapeut og helsepersonell ut og kartlegg. Når dei skal rekartlegge gjer helsepersonell dette utan ergoterapeut.

Hukommelsesteamet i 2025 bestod av følgjene

Namn	Område	Yrke	Leiar
	Institusjonsoverlege	Lege	Katrine Holvik Skinlo
Leni Klakegg	Demenskoordinator i Kinn	Sjukepleiar	Lene Engebø
Karoline Grøttå (perm frå sept.25)	Måløy	Ergoterapeut	Katrine Holvik Skinlo
Anita Valberg	Florø	Ergoterapeut	Katrine Holvik Skinlo
	Måløy	Sjukepleiar	Tone Husevåg
Trine Myhre Edwardsen	Måløy	Sjukepleiar	Rakel Gangsøy
Mari Hagen	Måløy	Hjelpepleier	Rakel Gangsøy
Kine Hagen	Måløy	Hjelpepleier	Rakel Gangsøy
Sofie Øren(beg. Sept.25)	Eikefjorden heimeteneste	Helsefagarbeidar	Susanne Herstad
Lovise Kleppe(perm frå mars 2025)	Havreneset heimeteneste	Sjukepleier	Anne-Grethe Sagen
Mathilde Midtbø Signe Sande		Helsefagarbeidar Sjukepleiar	
Henriette Helland Hugøy	Krokane heimeteneste	Helsefagarbeidar	Evy Renate Bjørnset
Mina N Føleide	Krokane heimeteneste	Sjukepleiar	
Mia Sunnarvik	Sentrum heimeteneste	Hjelpepleier	Anette Færestrand

Mål

HUK og demenskoordinator skal jobbe ut frå nasjonale og lokale føringar.

Demensplan 2025 - Overordna mål er å

- skape eit meir demensvennleg samfunn
- sikre at personar med demens får god omsorg og støtte gjennom heile sjukdomsforløpet



Innsatstrappa syner at HUK og demenskoordinator sitt arbeid er på trinn ein og to.

Det fordrar at ein kjem tidleg inn og testar, og kan følgje opp slik at personar med demens kan bu lengst mogleg heime.

INNSATSTRAPPA I KINN KOMMUNE

«KVA ER VIKTIG FOR DEG?»



Har ikkje behov for kommunale omsorgstenester

Aktuelle tilbod kan vere:

- [Middagsvenn](#)
- [Aktivitet og fellesskap](#)
- [Ope hus i Florø](#)
- [Møteplass i Måløy, på Raudeberg og Kulatoppen](#)
- [Hjelp til å bli aktiv](#)
- [Musikterapi](#)
- [Friskliv og meistring](#)
- [Temadag aktiv aldring](#)
- [Parkeringsbevis](#)
- [Pårerandeskule](#)
- [Hjelpemiddel](#)
- [Fysioterapi](#)
- [Ergoterapi](#)
- [Tilrettelagt transport](#)



Heimebuande med behov for støtte i kvardagen

Aktuelle tenester kan vere:

- [Tryggleiksalarm serviceteneste](#)
- [Tryggleiksalarm helsehjelp](#)
- [Lokaliseringsteknologi](#)
- [Digitalt tilsyn](#)
- [Elektronisk medisineringsstøtte](#)
- [Følgjekort](#)
- [Kreftkoordinator](#)
- [Hukommelsesteam](#)
- [Støtte til bustadtilpassing](#)

Møteaktivitet

HUK har egne fordelingsmøte, der ein fordelar brukarar som er tilvist frå lege og tildeling for kartlegging. I desse møta er det definert ein person i kvart HUK team som kallar inn. Dette er eit kort møte på om lag 15 minutt. Demenskoordinator deltek.

Demenskoordinator kallar inn begge HUK teama til 4 – 5 møter i året. I desse møta er det fokus på kompetanse, dialog kring kva som fungerer/ikkje fungerer og utviklingsarbeid.



På felles HUK møte i juni, drog HUK Florø til HUK Måløy. Dette for å bli betre kjent og utveksle erfaringar. Dette var svært nyttig, og det var eit ynskje om at vi gjentek dette etter påske 2026. HUK Måløy kan då kome til Florø.

Pårørandeskule

Grunna 4 påmeldte i Måløy og Florø, vart pårørandeskulen i februar 2025 avlyst.

Planen er å gjennomføre i 2026, og planlegginga starta i 2025. Etter ein dialog med HUK teama vart vi samd om at vi skulle redusere tal kveldar frå 5 til 4. Det betyr at vi må forlenge kvar kveld for å kunne imøtekomme krava til Aldring og helse når det gjeld økonomiske midlar, som er til 12 timar.

Temakveld

HUK deltok 19. mars med stand på temakveld Aktiv aldring (førebyggande heimebesøk).

Tema var framtidsfullmakt, fysisk aktivitet, bustad, ernæring, brannførebygging, og frivilligheita. Ulike lag og organisasjonar stod på stand og svarte på spørsmål frå innbyggjarane.

Kurs og konferansar

HUK deltok digitalt på årets Hukommelseskonferanse 18. og 19. mars.

Aldring og helse har i vår arrangert fleire webinar på pårørandeskule og samtalegruppe. Dette har tilsette i HUK fått tilbod om å delta på.

Utviklingscenter for sjukeheim og heimetenester(USHT) arrangerte 5. juni interkommunalt fagnettverk for tilsette i HUK og demenskoordinator. Alle som jobba i HUK vart oppfordra til å delta.

Nettsida - kommunikasjon

Det er utarbeidd eit informasjonshefte for pårørandeskulen, som vert lagt på nettsida, slik at alle kan sjå at dette er ei hending som kjem kvart år. Videre har ein endra og oppdatert Kinn kommune si nettside <https://kinn.kommune.no/vare-tenester/helse-og-velferd/demensomsorg-og-hukommelsesteam/>

LEV VEL har utarbeidd eit haustprogram, der er det er informasjon om demenskoordinator og HUK.



Det er lagt ut informasjon på skjerm på Sunnfjord medisinske senter, og legekontor i Måløy.

Kinn kommune

Demenskoordinator

Hukommelsesteamet er eit lågterskeltilbod retta mot personar med demens eller med mistanke om demensutvikling. Ta tidleg kontakt med oss om du er bekymra for deg sjølv, eller nokon nær deg.

Kontakt
Demenskoordinator Leni Klakegg
E-post: leni.klakegg@kinn.kommune.no
Mobil: 46 80 06 02

Ta bilete av QR-koden for meir informasjon

Det er også i desember lagt ut på skjerm på legekontora Vedrørende pårørandeskulen som starta i februar. Slik at ein i god tid kan få informasjon om dato og stad.

Kinn kommune

ER DU PÅRØRANDE TIL NOKON MED DEMENS? VELKOMMEN TIL PÅRØRANDESKULEN I MÅLØY 2026

Pårørandeskulen er ein møteplass der ein ynskjer at pårørande skal oppleve støtte i utfordringane dei står i.

Stad: Kulatoppen omsorgssenter, E-fleien
Datoar: 05.02, 12.02, 26.02, 05.03
Klokka: 17.30 - 20.30
Enkel servering.

Vil du vite meir, scann QR-koden

Spørsmål og påmelding til:
Demenskoordinator innan **25.01.26**
Epost: leni.klakegg@kinn.kommune.no
Mobil: 46 80 06 02

Kinn kommune

ER DU PÅRØRANDE TIL NOKON MED DEMENS? VELKOMMEN TIL PÅRØRANDESKULEN I FLORØ 2026

Pårørandeskulen er ein møteplass der ein ynskjer at pårørande skal oppleve støtte i utfordringane dei står i.

Stad: Soltua, Gaddevågata 4
Datoar: 04.02, 11.02, 25.02, 04.03
Klokka: 17.30 - 20.30
Enkel servering.

Vil du vite meir, scann QR-koden

Spørsmål og påmelding til:
Demenskoordinator innan **25.01.26**
Epost: leni.klakegg@kinn.kommune.no
Mobil: 46 80 06 02

Demensvennleg samfunn

Arbeidet med Demensvennleg samfunn er tatt oppatt med leiinga, og demenskoordinator har invitert folkehelsekoordinator i Florø og Måløy til eit møte for å planlegge vegen vidare. Det er spelt inn ein undervisning lokalt på aldersvennleg lokalsamfunn. Denne ligg på Kinn kommune si nettside og YouTube. Sjå lenke her: <https://www.youtube.com/watch?v=XCkJPWMjaIU>

Kinn kommune ynskjer å vere eit demensvennleg samfunn, som samsvarar med Demensplan 2025. På bakgrunn av dette har demenskoordinator, og folkehelsekoordinator i Måløy invitert REMA 1000 sine tilsette til undervisning og dialog kring «kva er demensvennlege samfunn». Dette vart gjennomført i juni, og vart godt mottatt. I oktober hadde vi same undervisning på AMFI senter i Florø.



Firdaposten deltok på undervisninga om demensvennleg samfunn på Amfi senter i oktober. Les artikkelen i lenka her

[https://nordfjordnett.sharepoint.com/teams/KIN_H_AdministrasjonHVALle/SitePages/Veke-45%F0%9F%8D%82\(1\).aspx](https://nordfjordnett.sharepoint.com/teams/KIN_H_AdministrasjonHVALle/SitePages/Veke-45%F0%9F%8D%82(1).aspx)



Dei fem Merkur-butikkane i Florabassenget ynskjer undervisning, dette planlegg ein for etter jul. Folkehelsekoordinator i Måløy kontakta næringslivet i Måløy, og vi planlegg for undervisning der i januar/februar 2026.

Dokumentasjon

Imatis (elektronisk tavle) er blitt ein viktig reiskap for HUK, og gjev ein god oversikt på brukarar som skal kartleggast. Dei andre tenestene i Kinn kommune kan sjå at HUK er inne med kartlegging.

Samarbeid med lege

Lege som var tilknytt HUK slutta vinter 2025, dette er tatt opp med tenesteleiar som jobba med å få ny lege til HUK teamet. Dette har ikkje lukkast endå.

Demenskoordinator, tilsette frå HUK og tildeling hadde møte med legekontor i Måløy 02.10.25. Det var eit nyttig møte. HUK fekk god tilbakemelding på at dei gjorde eit godt og nødvendig arbeid. I Florø er det avtalt møte med Sunnfjord medisinske senter i januar 2026.

Samarbeid med koordinerande eining

Demenskoordinator vart invitert til eit møte saman med kreftkoordinator i oktober. I møte vart vi kjent med kvarandre sine oppgåver, og eventuelle samarbeidsarenaer.

Pensjonistforeininga

Pensjonistforeininga ynskjer at Demenskoordinator, deltek på møte med informasjon om arbeidet i HUK og som demenskoordinator. Dei inviterer når det passar deira møteplan.



Vågsøy Demensforeining

Demenskoordinator kontakta Vågsøy Demensforeining for å sjå på samarbeidsarenaer.

Open kino Human Forever

Hukommelsesteamet og demenskoordinator arrangerte open kino for alle innbyggjarane, tilsette og leiing i Kinn kommune på eldredagen 1. oktober. Det var servering av kaffi og kake før filmen starta, og HUK hadde stand og informerte om m.a. pårørandeskulen som starta i februar 2026.



I etterkant av filmen hadde vi eit panel bestående av administrativ og politisk leiing, pårørande, lege, eldrerådrepresentant og demenskoordinator, som hadde dialog og refleksjon rundt filmens innhald. Dette vart leia av Fredrik Helland.

Dette vart gjennomført i Måløy 12. november, det var 49 som kom. I Florø var det ca. 200.

Human Forever- En historie om kjærlyghet til menneskeheten

"For meg er Human Forever ikke bare en overbevisende film, men først og fremst et monument over alle personer med demens og deres familier rundt om i verden."

- Mark Rutte, Statsminister i Nederland

«Human Forever følger den 24 år gamle omsorgsinnovatøren og sykepleier Teun Toebes, som har et oppdrag: å forbedre livskvaliteten til personer med demens. Han har bodd på en lukket avdeling på et sykehjem i flere år da han bestemmer seg for å ta oppdraget sitt til neste nivå. Sammen med sin gode venn og filmskaper Jonathan de Jong reiser han rundt i verden for å utforske hvordan demens håndteres i andre land, og hva vi kan lære av hverandre for å gjøre fremtiden vakrere og mer inkluderende.

I dag lever 55 millioner mennesker verden over med en eller annen form for demens. I 2050 forventes tallet å være over 139 millioner. Sjansen for at denne filmen handler om din fremtid, er én av fem.»



I september hadde Firdaposten ein artikkelen i forbindelse med filmen Human Forever. I den samanheng nytta ein anledning å informere om HUK, pårørandeskulen 2026, og arbeidet kring demensvennleg samfunn. <https://www.firdaposten.no/inviterer-til-spesiell-filmvisning-til-meir-kunnskap-vi-far-til-lettare-blir-det/s/5-16-936291>

Demenskoordinator

Det kjem ein del telefonar frå pårørande som ynskjer hjelp, men også berre ein å snakke med.

I tillegg har demenskoordinator etter ynskje frå tildeling og familie, gått heim annan kvar veke og hatt samtale med ein person med demens.

Demenskoordinator ynskjer å bli med HUK ut på testing slik at ein vert kjent med metoden som vert nytta. Demenskoodinator sit i arbeidsgruppa til interkommunalt nettverk for personar med demens i regi av Utviklingscenter for sykehjem og hjemmetjenester (USHT).

Demenskoordinator deltok med innlegg til tenesteleiar februar om HUK og demenskoordinator.

Vidare har demenskoordinator fått spørsmål om eit møte vedrørande Shared Reading - lesegruppe med demente.

«Shared Reading er en lesegruppe-metode som er spesielt tilpasset personer med demens, og som bruker høytlesning av utvalgte tekster til å stimulere minne, sosialisering og velvære. Metoden skaper et trygt rom for refleksjon og samhandling, der en trent leseleder leser teksten, stopper opp og inviterer til samtale rundt egne tanker og opplevelser. Deltakerne trenger ikke å ha lest teksten på forhånd og kan delta aktivt i samtalen eller bare lytte.»

Mål for 2026

- HUK og demenskoordinator må fortsette å jobbe ut frå dei nasjonale føringane som ligg i «Demens - Nasjonal fagleg retningslinje og Demensplan 2025(2026)». I tillegg tenestestandard for helse og velferd i Kinn kommune.
- Gjennomføre regelmessige møte med HUK.
- Gjennomføre pårørandeskulen. Redusere frå 5 til 4 kveldar.
- Jobbe kontinuerlig med demensvennleg samfunn, februar/mars i Måløy. Taxi /buss i Florø i mai.
- Aktivitetsvennkurs saman med frivillighetssentral og folkehelsekoordinator, og slik styrke tilbod om aktivitetsvennar i lag med frivillighetssentralen.
- Starte Shared Reading lesegruppe for personar med demens.
- Samarbeid med Vågsøy Demensforeining.
- Delta på møte i Pensjonistlaget.
- Fortsette samarbeidet med legekantor.